

Langrenn både sist helg og komande søndag.

30.01.2017



Klart for nye stavtak.

Sjølv om forholda for tida ikkje er heilt topp, er langrennssesongen godt i gjenge. Sist helg var det KM for Hordaland på Drevtjørn ski- og turcenter i Ulvik med deltakarar frå Uskedalen, og komande helg er det klart for det andre karusellrennet for sesongen i Fjellhaugen skisenter. Rosendal turnlag er arrangør.



Nokre av dei flinke skijentene til UIL

Under kretsmeisterskapet i helga var det 5 deltagarar frå UIL. Dei deltok i den klassiske delen som gjekk laurdag. Dei gjorde alle ein svært flott innsats, og fleire var nær ein plass på pallen. Anne Elisabeth Samland Eik vart nr.5 i klasse jenter 12 år, og elles deltok desse i konkurranseklassen, Tobias Hella Berge-Soldal(nr.14 i G12), Silje Soldal(nr.4 i J14) og Saima K. Lomheim Døsslande(nr.5 i J14). Amund Hella Berge-Soldal gjekk i klasse G10 der det ikkje er plasseringsrangering, men tida viser at han gjekk svært godt og var blant dei aller raskaste i sin årsklasse.

Søndag var det konkurranse i fristil i KM, men etter det vi kjenner til, deltok ingen uskedelingar denne dagen.

Komande helg er det klart for nytt renn. Då går karusellrenn nr.2 av stabelen i Fjellhaugen. Rennet går i fristil for dei som er 12 år og yngre, medan det er skibyte for dei som er 13 år og eldre. Påmeldinga er opna, og ein kan melda seg på [HER](#).

Rennet startar kl.13, og i forkant av konkurranserennet er det som vanleg barneskirenn for dei aller yngste. Dette er både kjekt og populært blant dei unge skiløparane, og ein ønskjer at endå fleire skal hiva seg med.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Knut Johannes Ripel.